

Årsrekneskap 2019 og Budsjett 2020 Vennelaget for Lensmannsgarden på Varhaug



Generelt

Vennelaget er ein ideel organisasjon som ikkje har økonomisk avkastning som målsetjing. Vennelaget må likevel byggja opp ein tilstrekkeleg solid økonomi til å kunna påta seg risiko i samband med kulturarrangement. Me trur vidare at det er viktig for artistane, Hå kommune og styremedlemmene at Vennelaget er på trygg økonomisk grunn.

Styret har vedteke eit dokument som inneheld rekneskapsprinsipp for Vennelaget. I tillegg har me ein revisor som passar på at me rapporterer rett.

Vennelaget nyttar ein modell for å berekna økonomisk risiko ved større arrangement. Dette gjev grunnlag for å ta avgjerder basert på kalkulert risiko. Ein del av økonomistyringa er også at Vennelaget etterkalkulerer alle arrangement. Dette gjev læring for komande kulturtilbod.

Året 2019

2019 vart eit godt år for Vennelaget. Dette er me glade for, óg fordi det ikkje er berre enkelt å få arrangementa til å gå i balanse. Det var tre arrangement som var særers vellukka økonomisk sett, fire andre gav også eit greit resultat medan to konsertar var på minussida. Me hadde ingen større innkjøp til utstyr i 2019.

Som det framgår er det billettsal og honorar til artistane som er dei store postane i rekneskapet. Det er også her det er størst økonomisk risiko. Dei andre postane har me større kontroll med sidan dei i stor grad kan tilpassast aktivitetsnivå og Vennelagets økonomi.

Ein stor honnør til Lunsjtreff-gjengane som driv ein flott dugnad for bygda. Ein ekstra pluss er det at dette gjev pengar i kassen til Vennelaget.

Budsjett 2020

Budsjettet gjev retninga for 2020. I det daglege er det budsjettering/styring av dei enkelte arrangementa som har mest fokus. Totalt sett har me nå ein økonomisk handlefrihet som betyr at me greit kan håndtera den økonomiske usikkerheten som måtte oppstå i samband med kulturarrangementa som er planlagt for 2020.